

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Grand hotel Terminus, Bergen. Møterom Welhaven
<b>Dato:</b>	12.12.2017
<b>Tid:</b>	09:30

**Du vert med dette kalla inn til møte i Valnemnda tysdag 12. desember 2017.**

### Program:

Kl. 9.30 – 9.35 Opning

Kl. 9.35 - Saksbehandling til møtet kan avsluttas

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Kvamme  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 27/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 28/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 29/17	Meldingar		
PS 30/17	Yrkesopplæringsnemnda - val av lærlingerepresentant og vara	2017/732	
PS 31/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Solbjørg H. K. Marjala	2017/732	
PS 32/17	Samarbeidande kraftfylke - val til kandidatar til styreleiarverv og representantar til årsmøte	2017/732	
PS 33/17	Innspeil på kandidatar til hovudstyret i Innovasjon Norge	2014/13720	
PS 34/17	Ymse		

**PS 27/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 28/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 29/17 Meldingar**



Arkivnr: 2017/732-90

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	30/17	12.12.2017
Fylkestinget	127/17	12.12.2017

## Yrkesopplæringsnemnda - val av elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant

### Samandrag

Fylkestinget har i møte den 27.10.2015 vald yrkesopplæringsnemnd for valperioden 2015 – 2019. Elev-/lærling-/lærekandidatrepresentanten er oppnemnd for to år. Valnemnda vert no beden om å foreta innstilling til Fylkestinget til yrkesopplæringsnemnda for den andre delen av den fylkeskommunale valperioden 2015-2019.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slike val til yrkesopplæringsnemnda med funksjonstid resten av valperioden 2015-2019 (2018-2019):

Elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant:

Vararepresentant:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 17.11.2017**

Fylkestinget valde den 27.10.2015, sak 84/2015, medlemmer og varamedlemmer til yrkesopplæringsnemnda for valperioden 2015-2019.

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) regulerer samansetninga og funksjon for yrkesopplæringsnemnda.

Det går fram av opplæringslova § 12-3 at:

*«Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4.*

*Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakar organisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst ein representant for elevvar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.*

*Nemnda vel sjølv leiari og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lærekandidatane blir oppnemnde for to år om gongen. «*

I sak 84/2015 valde fylkestinget følgjande medlemmer og varamedlemmer til yrkesopplæringsnemnda:

Medlemmer:

Frå fylkeskommunen:

1. Anne Gine Hestetun (A)
2. Roald Stenseide (FRP)

Frå arbeidsgjevarorganisasjonane:

1. Tom Knudsen (NHO)
2. Birgitte Svanevik (NHO)
3. Sølvi Sørebo (KS)

Frå arbeidstakarorganisasjonane:

1. Roger Pilskog (LO)
2. Rita Jordal (Fagforbundet.)

Frå elevane/lærlingane/lærekandidatane (funksjonstid 2 år):

1. Julie Dyrkolbotn Breistein.

Varamedlemmer:

Frå fylkeskommunen:

1. Tor Andre Ljosland (KrF)
2. John Helge Gullaksen (H)

Frå arbeidsgjevarorganisasjonane:

1. Linn Cecilie Moholt (NHO)
2. Terje Hansen (NHO)
3. Marie Størdal (KS)

Frå arbeidstakarorganisasjonane:

1. Jill Hellem (YS)
2. Atle Rasmussen (LO)
3. Elisabeth Refvik Fagforbundet (LO)

Frå elev/lærlingane/lærekandidatane (funksjonstid 2 år):

1. Lisa Nord Hopland.

Det må no gjerast nytt val av elev-/lærlinge-/lærekandidatrepresentant og varamedlem, då funksjonstida på 2 år snart er over.

Opplæringsavdelinga hentar inn forslag på elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant.



Arkivnr: 2017/732-93

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	31/17	12.12.2017
Fylkestinget		12.12.2017

## Samarbeidande kraftfylke - val av kandidatar til styreleiarverv, delegat til årsmøtet og representantar til årsmøtekonferansen

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune er medlem i organisasjonen Samarbeidande Kraftfylker.

Samarbeidande Kraftfylke (Kraftfylka) er ei interesseforening som har til føremål å fremje og teke i vare kraftfylkas felles interesser i kraftspørsmål og sikre at ein størst mogleg del av verdiskapinga vert igjen i dei områda der vasskraftressursane finst og verdiane vert skapt. Samarbeidet mellom kraftfylka går attende til 1991, mens interesseforeninga vart skipa i 2013. Foreninga er engasjert i ei rekkje aktuelle saker, som kostnadsfordeling i kraftnettet, organiseringa av kraftnettet og effektane av kommune- og regionreforma på eigarskap i kraftsektoren og fordelinga av konsesjonskraft.

Valnemnda i Kraftfylka ber medlemmane i Samarbeidande kraftfylke i E-post av 22.09.2017 om å fremje forslag på to kandidatar til vervet som styreleiar, ein av kvart kjønn. Styreleiar vert vald for ein periode på to år. Ein ber og om å oppnemne ein delegat til årsmøtet i foreninga. I forkant av årsmøtet vert det heldt ein årsmøtekonferanse kor medlemmane kan stille med inntil 4 representantar. Det vert anbefalt at ein av dei fire representantane er frå fylkeskommunens administrasjon. Fylkesrådmannen vil finne ein representant frå administrasjonen som kan delta på årsmøtekonferansen i Kraftfylka.

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget gjer val av to kandidatar til verv som styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke og val av ein delegat til årsmøtet. Fylkesrådmannen rår og til at det vert gjort val av tre representantar til årsmøtekonferansen i Kraftfylka. I forslag til innstilling vil fylkestinget be Fylkesrådmannen om å peika ut ein representant frå fylkeskommunens administrasjon som kan delta på årsmøtekonferansen.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val til styreleiar i Samarbeidande Kraftfylke:

1. Kandidat 1:.....(Kvinne)
2. Kandidat 2:.....(Mann)

Fylkestinget gjer slikt val delegat til årsmøtet i Samarbeidande Kraftfylke:

.....

Fylkestinget gjer slikt val av tre representantar til årsmøtekonferansen til Samarbeidande Kraftfylke:

1. Representant:.....
2. Representant:.....
3. Representant:.....

Fylkestinget ber Fylkesrådmannen finne ein representant frå administrasjonen som kan delta på årsmøtekonferansen i Samarbeidande Kraftfylke, som ein av dei 4 representantane.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 01.12.2017**

Det noverande styret i Samarbeidande kraftfylke er:

**Leiar: Knut Petter Torgersen**, Nordland (Ap)  
 Nestleiar: Mona Røsvik Strømme, Hordaland (H)  
 Aase Simonsen, Rogaland (H)  
 Terje Damman, Vest-Agder (H)  
 Inger M. Eira-Åhren, Nord-Trøndelag (Ap)  
 Aud Hovden, Telemark (Ap)

Varamedlemmer:

Line Miriam Sandberg, Troms (Frp)  
 Sigurd Reksnes, Sogn og Fjordane (Sp)  
 Jon Olav Strand, Aust-Agder (Krf)  
 Mari Gjestvang, Hedmark (Sp)

I følgje vedtektene til Kraftfylka skal styret veljast blant folkevalde med ein sentral posisjon i medlemsfylka: fylkesutval, fylkesråd eller annan sentral politisk posisjon. Dei tre siste styreleiarane har kome frå Hordaland, Hedmark og Nordland. Valperioden i Kraftfylka følgjer fylkestingsperioden.

Grunnlaget for fylkas sitt engasjement i kraft: Her skjer 77 % av den norske kraftproduksjonen og 70 % av forbruket i landets kraftintensive industri. Kraftfylka veit at dette er ein symbiose som er vel verdt å ta vare på og vidareutvikla. Konesjonskraftrettane skaffar kraftfylka viktige inntekter til bruk i det regionale utviklingsarbeidet. Fleire av kraftfylka har eigarskap eller medeigarskap i kraftproduksjonen. Eigarskapet gjer utbytteinntekter som er med på å finansiera fylkeskommunale oppgåver som til dømes dei vidaregåande skulane og tannhelsetenesta.

Valnemnda i Kraftfylka ber no medlemmane, mellom anna Hordaland fylkeskommune, om å fremje forslag på to kandidatar til vervet som styreleiar til årsmøtet i mars 2018. Noverande styreleiar har signalisert at han vil gje seg på neste årsmøte, i mars 2018.

Det må og fremjast forslag om ein delegat til årsmøtet. I forkant av årsmøtet vert det heldt ein årsmøtekonferanse kor medlemmane kan stille med inntil 4 representantar. Det vert anbefalt at ein av dei fire representantane er frå fylkeskommunens administrasjon. Det vert rådd til at Fylkesrådmannen finn ein representant frå administrasjonen som kan delta på årsmøtekonferansen i Samarbeidande Kraftfylke.

Slikt val må gjerast.



Arkivnr: 2014/13720-31  
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

### Saksframlegg

Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Valnemnda	32/17	12.12.2017
Fylkestinget		12.12.2017

## Innspel på kandidatar til hovudstyret i Innovasjon Norge

### Samandrag

I brev 1.12.2017 vert fylkeskommunen som ein av eigarane i Innovasjon Norge beden om å foreslå kandidatar til hovudstyret i selskapet. Styret skal nemnast opp i foretaksmøte våren 2018.

Hovudstyret har 11 medlemmer og dei vert oppnemnde for ein periode på to år. Ni av medlemene i det sittande styret vart oppnemnde av eigarane på føretaksmøte i 2016, og har funksjonstid fram til føretaksmøtet i 2018. To av medlemene i hovudstyret er oppnemnde av dei tilsette i selskapet.

I følgje retningslinene til Innovasjon Norge sin valnemnd skal fylkeskommunane foreslå to kandidatar kvar, ein av kvart kjønn. Valnemnda tilrår at dette vert følgd.

**Økonomi:** Saka er ikkje relevant for fylkeskommunens økonomi

**Klima:** Saka er ikkje relevant i høve klima

**Folkehelse:** Saka er ikkje relevant i høve folkehelse

**Regional planstrategi:** Saka er ikkje relevant i høve fylkeskommunens regionale planstrategi.

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune forslår følgjande som medlemmer i hovudstyret i Innovasjon Norge

1. ....
2. ....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Til Innovasjon Norges eiere:

**Alle fylkeskommuner**

**Nærings- og fiskeridepartementet**

Deres ref.:

Vår ref.:

Oslo, 1. desember 2017

2016/118864

## **Innspill til kandidater - Innovasjon Norges styre**

I tråd med «*Retningslinjer for valgkomiteen – Innovasjon Norges hovedstyre*» skal valgkomiteen tilskrive Innovasjon Norges eiere og be om forslag til kandidater til styret. Det fremkommer eksplisitt av retningslinjene at «*Fylkeskommunene skal foreslå to kandidater hver, en av hvert kjønn*». Det anbefales at dette følges.

Innovasjon Norges styre skal ha en sammensetning som gjenspeiler selskapets arbeid innenfor næringsutvikling, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Valgkomiteen skal i henhold til retningslinjene tilstrebe en sammensetning av styremedlemmer «*slik at styret har kompetanse, kapasitet og sammensetning som gjør dem i stand til å ivareta sine oppgaver på best mulig måte*». Videre fremkommer av det bør legges vekt på geografisk, kulturelt og sosialt mangfold, samt en god alderssammensetning.

Innovasjon Norges styre har totalt 11 styremedlemmer, hvorav ni ble oppnevnt av eierne på foretaksmøte i 2016. I tillegg er det to ansattvalgte styremedlemmer. Alle styremedlemmene har funksjonstid frem til foretaksmøte 2018.

Valgkomiteen er opptatt av kontinuitet i styret, samtidig som det er viktig med en viss fornyelse av styremedlemmer.

I tråd med retningslinjene er valgkomiteen opptatt av at styret skal besitte en god og bred kunnskap om norske bedrifters utfordringer og muligheter. Foreslåtte kandidaters kompetanse vil være av vesentlig betydning for valgkomiteen. Det legges vekt på næringslivserfaring, kunnskap om eller erfaring fra gründervirksomhet og utvikling av næringsmiljøer, som partnerskap og klynger. Videre legges vekt på god finansiell kompetanse, inkludert kredittkompetanse. Ytterligere vektlegges bred samfunnsforståelse, herunder god forståelse av Innovasjon Norges samfunnsoppdrag.

For å få et bredt grunnlag for sitt arbeid har valgkomiteen hatt samtaler med alle styremedlemmene og selskapets administrerende direktør. På bakgrunn av disse samtalene, vil valgkomiteen ha særlig fokus på følgende kompetanseområder ved vurdering av nye styremedlemmer;

- Bred samfunnsforståelse, herunder erfaring med regionale/nasjonale politiske prosesser.
- Kompetanse knyttet til organisasjonsutvikling og omstillingsprosesser.

*Vi gir lokale ideer globale muligheter*

- Erfaring knyttet til næringslivets utfordringer og muligheter, særlig kompetanse om eksportrettede næringer og internasjonaliseringsprosesser.
- Kompetanse knyttet til digitalisering av kredittprosesser samt digitale løsninger i kundegrensesnitt og saksbehandling.

Dersom det er spørsmål knyttet til valgkomiteens arbeid, vennligst ta kontakt med valgkomiteen eller valgkomiteens sekretær.

Til informasjon består valgkomiteen av Ingelise Arntsen (leder), Gunn Marit Helgesen og Arne Benjaminsen.

Forslag til kandidater, **med CV**, sendes til sekretær for valgkomiteen **innen 8. januar 2018**: [beatrice.pignatel@innovasjon Norge.no](mailto:beatrice.pignatel@innovasjon Norge.no) eller per post til Innovasjon Norge, P.O. Box 448 Sentrum, 0104 Oslo.

Med vennlig hilsen

Ingelise Arntsen  
Leder av valgkomiteen for Innovasjon Norge



Arkivnr: 2017/732-92

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	33/17	12.12.2017
Fylkestinget	128/17	12.12.2017

## Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Solbjørg H. K. Marjala

### Samandrag

Representanten Solbjørg Helen Krossli Marjala har søkt om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune. Ho og hennar familie har blitt godkjent som fosterheim og ventar no på å få eit fosterbarn. Det vert søkt om permisjon frå den 01.11.2017 til og med den 01.11.2018. Ho er folkevald for partiet Rødt.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Solbjørg Helen Krossli Marjala får permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune i tida 01.11.2017 til og med 01.11.2018.

Dersom det vert innstilt på at Marjala får permisjon frå sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune, må det gjerast innstilling til nye val for den tida Marjala har permisjon.

### Forslag til innstilling

1. Solbjørg Helen Krossli Marjala får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, medlem i utval for opplæring og helse, medlem i valnemnda, medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, varamedlem til klagenemnda og varamedlem til Vestlandsrådet.
2. For den tida Solbjørg Helen Krossli Marjala har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Varamedlem til fylkestinget
  - b) Medlem i utval for opplæring og helse
  - c) Medlem i valnemnda
  - d) Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
  - e) Varamedlem til klagenemnda
  - f) Varamedlem til Vestlandsrådet

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.11.2017

Representanten Solbjørg Helen Krossli Marjala har i E-post av 22.09.2017 søkt om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune. Ho skriv:

*«Jeg og min familie er blitt godkjent som fosterhjem. Vi er nå i prosessen med å få et fosterbarn. Fosterbarn har vanligvis vonde erfaringer som gjør at de krever mye omsorg og tett oppfølging. For å frigjøre mest mulig tid til dette ser jeg meg nødt til å søke permisjon fra vervet i utvalget for helse og opplæring og fra vervet som 1 vara til fylkestinget. Det søkes om permisjon fra 1.11.2017 til og med 1.11.2018. Håper på positivt svar.»*

Søknaden frå Marjala vert tolka slik at søknaden gjeld permisjon frå alle hennar politiske verv i Hordaland fylkeskommune.

Solbjørg H. K. Marjala har fylgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Varamedlem til fylkestinget  
 Medlem i utval for opplæring og helse  
 Medlem i valnemnda  
 Medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
 Varamedlem til klagenemnda  
 Varamedlem til Vestlandsrådet

### Rettsleg grunnlag:

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdseggrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

### Vurdering:

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet. Problemstillinga her er om Solbjørg H. K. Marjala kan skjømte sine pliktar som varamedlem for fylkestinget, medlem i utval for opplæring og helse, medlem i valnemnda, medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, varamedlem i klagenemnda og varamedlem til Vestlandsrådet utan uforholdsmessige vanskelegheitlar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører».

Marjala og hennar familie er godkjent som fosterheim og var når søknaden om permisjon var sendt den 22.09.2017, i ein prosess for å få eit fosterbarn. Marjala er 1. varamedlem til fylkestinget for partiet Rødt si liste. Ho er medlem i utval for opplæring og helse, valnemnda og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ho er 1. varamedlem til klagenemnda på Rødt si liste samt varamedlem til Vestlandsrådet. Marjala har mange politiske verv i Hordaland fylkeskommune. Ein kan her sjå at det kan bli vanskelig for ho å skjøtte sine verv når ho samstundes skal vere fostermor, noko som krev at ein er mykje tilstades og gjev omsorg for fosterbarnet. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje permisjon er det fylkesrådmannen si vurdering at vervet som varamedlem til fylkestinget, medlem i utval for opplæring og helse, valnemnda og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, varamedlem til klagenemnda og Vestlandsrådet er vanskeleg å kombinere på ein god måte i den tida ho er fostermor. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt permisjon og føreteke suppleringsval.

Dersom Marjala får permisjon frå sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune, bør det gjerast suppleringsval for den tida ho har permisjon. Kommuneleva § 16 som gjeld Opprykk og nyvalg, regulerer dette forholdet.

Kommuneleva § 16 lyder:

- «1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.
2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.
3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.
4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.
5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalet kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.
6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

Vervet som medlem i fylkestinget vert å fylla etter kommuneleva § 16 nr. 5.

Fylkesvalstyret føreteke nytt valoppgjjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.

**PS 34/17 Ymse**